

Ove Veland  
Stranda 803  
5993 Osterreidet

Ostereidet 12.02.2018

Lindås kommune  
Byggesaksvadelinga  
Kvernhusmyrane  
5914 Isdalstø

**Klage på vedtak vedr Saksnr: 17/1550**

Vi har mottatt avslag på søknad om dispensasjon for bruksendring på Gnr. 141/32 Kvamme nedre, og meiner at kommunen ikkje har tatt hensyn til følgjande argument når dispensasjonen vart avslått:

Eigedommen er kommunedelplanens arealdel sett av til bustadformål.

Statens Vegvesen har ikkje set seg imot endringa frå fritidsbustad til heilårsbustad. I tillegg kan vi nemne at det er etablert gangveg frå min eigedom via Friluftsområde i Kvamsvåg til gangfelt på Tveiten (sjå vedlagt kart). Denne vegen er kortare enn dersom ein brukar Fv 404, og er difor heilt naturleg gangveg for oss å bruke

Ein av grunnane til at vi ønskjer å busetje oss i Kvamsvåg er at eg og sambuaren min vil få 35 min kortare reisetid (ein veg) til jobb. Dottera mi går på skule i Knarvik, og også ho vil få kortare reiseveg dei dagane ho skal bu hjå meg. Sambuaren min har i tillegg jobb som støttekontakt i Lindås kommune. Ved å busetje seg i Kvamsvåg vil dette gje ein kortare reiseveg, i tillegg til det flotte friluftsområde i Kvamsvåg som dei kan nytte seg av.

Vi ber om at Plan og Miljø har ei synfaring så dei kan få ei god innsikt i saka.

Med venleg helsing



Ove Veland

Vedlegg: Kart med markert gangveg

